

- \* Ny generalsekretær i Norsk solenergiforening
- \* Norsk representant i ISES Board of Directors
- \* Investeringsavgift på solenergi?

- \* Nytt tidsskrift til medlemmane
- \* Kontakt Norsk solenergiforening
- \* Oppdatering av adresser og e-post adresser

# Solgløtt

Nyhetsbrev fra  
Norsk solenergiforening  
Årg. 1 Nr. 1 Juni 1999

## Rolf Jarle Aaberg ny generalsekretær

Den 15. april vart Rolf Jarle Aaberg tilsett som generalsekretær i Norsk solenergiforening. Etter ein lang, og delvis kronglete prosess er det gledeleg at vi endeleg har ein person som kan ta seg av den daglege aktiviteten i foreininga. Generalsekretæren er inntil vidare tilsett i halv stilling, men det gjev likevel ein ny giv for aktiviteten i Foreininga.

Rolf Jarle Aaberg har nettopp fullført doktorgraden i elektro-kjemi ved NTNU (Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet) i Trondheim.

Under doktorgradsarbeidet studerte han anodereaksjonen i brenselceller. Heilt sidan sivilingeniør-studiet på NTH har han arbeidd mykje med energiteknologiske spørsmål. Interesse for solenergi følgde som ein naturleg del dette.

Prøveforelesinga for doktorgraden hadde tittelen "Fotoelektrokjemiske prosessar i eit framtidig energisystem" og handla om elektrokjemisk utnytting av solenergi til elkraft- eller hydrogenproduksjon. I tillegg til generalsekretærstillinga arbeider Aaberg også som postdoc.- stipendiat ved NTNU, Institutt for materialteknologi og elektrokjemi.



Rolf Jarle Aaberg

Generalsekretæren skal først og fremst vere Norsk solenergiforening sin representant overfor styresmaktene, næringslivet og enkeltpersonar. I tillegg til å vere ein pådrivar i solenergis spørsmål, skal han vere kontaktperson overfor medlemmane og ta seg av den dagleg drifta av foreininga. Dei første månadene vil bli brukt til å etablere infrastrukturen for stillinga, forbetre kommunikasjonen med medlemmane, og ikkje minst delta aktivt i prosjektet vi har i foreininga dette året: "Strategi for å fremme bruk av solvarme i Noreg". Dette prosjektet vil vere ein av dei viktigaste aktivitetane til generalsekretæren denne sommaren. Rapporten vil danne grunnlaget for det vidare arbeidet med å fremme bruk av

solenergi i Noreg, og vil vere eit utgangspunkt for vår kommunikasjon med styresmaktene i tida som kjem.

"Etter fleire tiår med ein einspora offentleg energidebatt ser vi endeleg ei fornya interesse blant politikarar og styresmakter for satsing på ny energiteknologi. Som generalsekretær er det både eit privilegium og ei stor utfordring å kunne delta i dei viktige politiske prosessande som skjer akkurat no", seier Rolf Jarle Aaberg.

Norsk solenergiforening er ei samanslutning av bedrifter, institusjonar og enkeltpersonar med kompetanse og interesser innan solenergi. Dette nettverket er ein ressurs som foreininga må bli flinkare til å utnytte. Som generalsekretær ser Aaberg fram til å vidareutvikle Norsk solenergiforening som ein aktiv og utadvent organisasjon. Dette nyhetsbrevet er eit av fleire steg i den retning. Seinare i år skal det etablerast nye internettsider som vi etter kvart vil bygge ut til eit fyldig informasjonssystem om solenergi.

Generalsekretæren skal opprette kontor i lokala til Oslo Energi ENØK i Sommerrogata 1. Kontoret vil vere i drift i løpet av sommaren, men vil berre vere bemanna på deltid i førsteomgang. Sjølvom generalsekretæren vil pendle mellom Trondheim og Oslo vil han vere tilgjengeleg med same telefonnummer og e-postadresse begge stadane.

## Anne Grete Hestnes Vice-President i ISES

Ved valg av styre (Board of Directors) i ISES International ble Cesare Silvi fra Italia valgt til president. Anne Grete Hestnes fra Norge og Torben Esbensen fra Danmark ble valgt til vise-presidenter, altså et hel-europeisk president-team. Anne Grete Hestnes har som kjent vært aktiv i Norsk solenergiforening i mange år. Mellom annet som styremedlem og formann i flere perioder.

For mer informasjon om arbeidet i ISES, slå opp på hjemmesidene <http://www.ises.org/> og informasjonssystemet WIRE på <http://wire.ises.org/>

## Fortsatt investeringsavgift på solenergianlegg?

I april fastsatte Finansdepartementet en forskrift om fritak for investeringsavgift for blant annet vindkraftanlegg, bioenergianlegg, fjernvarmeanlegg, og distribusjonsnett for naturgass. Fritaket gjelder også varmpumper, mikro- og minivannkraftverk, samt tidevannsanlegg.

Dessverre ble ikke solenergianlegg inkludert i forskriften om avgiftsfritak. Norsk solenergiforening har i et brev til departementet påpekt at dette ikke kan være i tråd med intensjonene om å promotere fornybar energiteknologi. Se for eksempel Stortingsmelding nr. 29 (1998-99) *Om energipolitikken*. Vi avventer nå administrasjonsprosessene i departementet og håper at vår henvendelse blir tatt til følge. Vi vil komme tilbake til denne saken når vi har fått konkrete tilbakemeldinger fra departementet.

Se også <http://odin.dep.no/fin/prm/1999/k2/990407.html>

## Bergenshalvøen har solvarme

Bergenshalvøens kommunale kraftselskap, BKK, satser på solvarme i det nye hovedkontoret som er under oppføring. -Vi gjør dette for å profilere oss som et nyskapende selskap, samtidig som det vil ha en positiv nettoeffekt på energiutgiftene, sier Jarle Johansen i BKK. Johansen presiserer at det nye solvarmeanlegget ikke er en media gimmikk: "I tillegg til god energiøkonomi sikrer vi høy produktivitet blant våre ansatte gjennom et godt inn klima." Solfangere fra SolarNor A/S vil på til sammen 110 m<sup>2</sup> bli montert på taket av nybygget på Kokstad. Integret i et avansert vannbasert varmesystem vil solvarmen gi et årlig bidrag på mellom 35 - 50 000 kWh. Johan Thunes Sivilingeniør A/S har vært rådgivende ingeniører for BKK.

(RJA)

## Nytt tidsskrift til medlemmene

Ved nyttår i år vart dei danske tidsskrifta *VEinformation* og *SOLARIS* nedlagt. *SOLARIS* kjem med eit siste nummer i samband med ISES 1999 konferansen i Jerusalem i juli, men så er det slutt. Som erstatning for dei to nedlagte tidsskrifta har vi no bestilt magasinet *Renewable Energy World* til alle medlemmene i Norsk solenergiforening. Bestillinga vart sendt for eit par veker sidan, men i skrivande stund ventar vi framleis på den endelege godkjenninga frå forlaget si abonnementsavdeling. *Renewable Energy World* blir publisert

av James & James Ltd. i Storbritannia. Informasjon om magasinet kan du finne på <http://www.jxj.com>.

## Ta kontakt!

Dette nyhetsbrevet skal sendast ut til medlemmane i Norsk solenergiforening og til andre interesserte ca. ein gong i månaden. Her vil vi bringe relevante stoff frå inn og utland, nyhetsklipp og informasjon om saker som foreininga arbeider med. Vi ønskjer gjerne at medlemmane tek kontakt vedrørende nyhetsbrevet eller aktivitetane i foreininga generelt.

## Oppdatering av adresselister

Dersom du heller vil ha dette nyhetsbrevet tilsendt som elektronisk, bed vi deg fylle ut skjemaet nedanfor med namn og e-postadresse og returnere det til oss. Generalsekretæren får og ein del e-post frå ISES International som er til distribusjon blant ISES medlemmane, men det blir sjølvstakt vanskeleg utan ei oppdatert distribusjonsliste! Så sjølvom du framleis vil ha papirversjonen av nyhetsbrevet, vil vi vere taknemlege om vi kan få oppdatert adresselista vår med e-postadresser for dei medlemmane som har det.

Viss du får tilsendt post frå Norsk solenergiforening med mangelfull adressering eller gammalt postnummer bed vi deg også fylle ut skjemaet nedanfor og sende det til generalsekretæren.

Ønskjer nyhetsbrev per e-post (set kryss)

Korreksjon av adresse/e-post adresse (set kryss)

Namn:

Adresse:

Postnr:

Stad:

E-post:

Returadresse: Norsk solenergiforening,  
Postboks 2481 Solli, 0202 Oslo  
Tel.: 88 02 44 66  
E-post: [rja@chembio.ntnu.no](mailto:rja@chembio.ntnu.no)